



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Årsmelding 2023



Kyrkjebø sokneråd var/er slik samansett:

Fram til soknerådsvalet hausten -23:

Leiar: Sturla Bell Fossen
Nestleiar: Irene Aase Aarseth
Sekretær: Ellinor Henjesand Austreim
Medlem: Aud Kjersti Haugen
Medlem: Kari Henny Dale
Medlem: Anna Sofia Høvik
Soknepresten: Andreas Ester

Etter soknerådsvalet:

Sturla Bell Fossen
Irene Aase Aarseth
Jens Ole Årdal
Sjur Håvard Øygard
Kari Henny Dale
Ole Ivar Luggenes
Andreas Ester

Vararepresentantar etter soknerådsvalet:

Jofrid Nordstrand Fortun og Arvid Solås

Representantar i Høyanger kyrkjelege fellesråd:

Før valet hausten -23:

Sturla Bell Fossen, Vara: Ellinor Henjesand Austreim,
Kari Henny Dale, Vara: Aud Kjersti Haugen

Etter valet:

Ny vara: Sjur Håvard Øygard
Ny vara: Jens Ole Årdal

Soknerådet sin representant i kulturnemnda for gåvemidlane etter Kyrkjebø kyrkjelydshus er no Kari Henny Dale etter at Aud Kjersti Haugen sa frå seg attval til rådet og nemnda. Dei andre i kulturnemnda er Helga Hjetland og Finn Trædal. Valperioden er tre år.

PERSONALSITUASJONEN.

Sokneprest: Andreas Ester.
Prost: Knut Magne Nesse
Kantor: Gerda Otterstein har permisjon frå 15.09.23 til 15.03.24.
Som vikarar har Harald Dahlstrøm, Gro Gunnarson, Asbjørn Flåm,
Boris Kyprianov, Peter Jobbagy, Kjell Ivar Aase og Keiko Matsui-Li fungert.

Kyrkjelydsarbeidar: Heike Müller har hatt deltids-engasjement fram til 31.12.23.
Frå 01.01.24 tilsett i 50 % fast stilling som kyrkjelydsarbeidar.
Kyrkjeverje Bjørnar Otterstein fram til 31.03.23.
Stig Jonny Fitje frå 01.04.23
Sekretær: Ali Karrat i 60 % stilling.
Kyrkjetenar og klokkar i Kyrkjebø og Vadheim: Irene Aase Aarseth

GUDSTENESTER/KYRKJELEGE HANDLINGAR.

	2019	2020	2021	2022	2023
Totalt frammmøte	3956	1433	995	1093	
Tal gudstenester	32	22	23	26	24
Frammøte	1587	349	607	710	880
Frammøte gjennomsnitt	50	16	26	27	36
Gudstenester med nattverd	16	4	2	5	5
Frammøte	242	22	21	32	38
Dåp	3	5	3	6	5
Konfirmantar	14	17	6	8	3
Vigslar	0	0	0	2	0
Gravferder	14	12	8	13	16
Skulegudsteneste/førjulsgudsteneste	2	0	0	0	0
Andakter på Kyrkjebø sjukeheim	13	2	1	3	9
Konsertar, musikkandaktar	5	0	0	2	4
Konsertar, musikkandaktar, frammmøte	286	0	0	33	74
Konsertar i regi av andre	3	0	0	2	2
Konsertar i regi av andre, frammmøte	228	0	0	190	168
Andre kulturarrangement, opa kyrkje	2	0	5	4	1
Andre kulturarrangement, frammmøte	108	0	32	31	90
Møteverksemd:					
Soknerådsmøte	10	7	7	6	8
Tal handsama saker	34	28	25	23	23
Tal frammmøtte på soknemøte	11	9	13	12	12
Tal soknemøte	1	1	1	1	1

Konfirmasjonar, 27.05.23:

Konfirmasjon for 3 stk vart halden i Vadheim. 3 andre i soknet i same årskullet valde å verta konfirmerte i Høyanger. Alle i årskullet i soknet vart dermed så langt ein veit konfirmerte. Soknerådet gjev kvar konfirmant eit smykke i oliventre, laga som ein kross + jubileumsheftet.

Dåp:

Det har vore 5 barnedåpar i 2023. Ved dåpen vert det gjeve eit lys m/stake og ein dåpsklut.

Gravferder:

Ein av dei 16 i soknet som fall i frå vart gravlagd frå ei kyrkje utanom soknet. Kremasjon og urnenedsetting er ikkje lenger uvanleg, og det har vore fleire slike i 2023. Soknerådet delte ut blomar til dei næraste etterlatne før minnegudstenesta i november.

Friluftsgudstenester:

I 2023 var det friluftsgudsteneste i Måren 29.mai, og på Vadheimstølen 06. august. I Måren måtte grendahuset nyttast pga vèret. Hyttefolk og fastbuande hadde laga det triveleg der. I forkant av gudstenesta på Vadheimstølen hadde grunneigarane tilrettelagt. Takk til desse !

Samarbeid med skule og barnehage:

Soknerådet har hatt ynskje om å få i gang skulegudstenester, noko som ikkje er gjennomført. Det er likevel positiv kontakt mellom skulen og barnehagen. Kyrkjelydsarbeidaren har hatt opplegg i kyrkja for nokre grupper, og også vore på skulen og innom i fleire klassetrinn. Dette arbeidet ynskjer me å få vidareført og vidareutvikla i tida framover.

ØKONOMI

Økonomien til soknerådet er avhengig av offergåvene som går til eige arbeid. Offer-føremåla er fastsette for eit år om gongen. Offer vert teke opp kontant og på Vipps.

Over- og underskot vert ført mot eigenkapitalen. For bruk av gåvemidlane frå stiftinga gjeld egne statuttar. I 2023 er det gjort bruk av deler av midlane til kulturkvelden i oktober.

	2019	2020	2021	2022	2023
Takkoffer til andre	5662	9575	7636	9309	9785
Takkoffer, eige arbeid	44027	8651	3013	2198	8275
Fasteaksjonen	9234	Digital innsamling	Digital innsamling	11395	8046 Digital

Rekneskapan er ikkje ferdig revidert enno, så det kan bli små endringar.

BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Trusopplæringstiltak 2023:

Soknet drøfta i starten av året trusopplæringa med den då tilsette kyrkjelydsarbeidaren. Nokon ferdig utforma plan for trusopplæringa føreligg ikkje i meldingsåret. Dette har ein forventingar om skal verta meir organisert når ein no har trusopplærar i større stillings%.

Det har vore positiv kontakt med skulen og barnehagen, og fleire barnegrupper har vitja kyrkja. Hausttakkefest og utdeling av Mi kyrkjebok fann stad på Kyrkjebø i oktober.



Vaksne medhjelparar:

Fleire friviljuge stiller opp ved ulike arrangement, og det er av stor verdi for sokna.

Som kyrkjevertar har soknerådsmedlemene og to-tre andre friviljuge stilt opp. Utbetringar i sakristiet, ekstra luking, pussing av sylv/messing, og juletre-pynting er døme på arbeid som er utført ved hjelp av friviljuge medarbeidarar. Sameleis opa kyrkje og friluftsgudstenestene.

Medarbeidarfest: Det har ikkje vore avhalde slik samling dette året.

Fasteaksjonen:

Sidan det var få konfirmantar og vèret var særst dårleg den dagen aksjonen var fastlagt til, så vart det ingen dør-til-dør aksjon i soknet. Soknepresten stilte opp og hadde stand på Joker, og elles vart det ved oppslag oppmoda om å nytte digital innsamling, noko mange gjorde.

Dugnad:

Det vart halde dugnad på baa gravplassane, i Vadheim i juni, og på Kyrkjebø i april.

Det var godt framømte begge stadar, og mykje godt arbeid vart utført.

Soknerådet og andre friviljuge sytte for at dugnadsgjengen fekk ei triveleg kaffipause.

Desse dugnadane er heilt avgjerande for at gravplassane skal framstå så velstelte og ryddige, som me alle ynskjer at dei skal vere når nokon vitjar dei - i ulike ærend.

Når soknet har valt å halde opa kyrkje fire gonger om sommaren, og også ynskjer noko kulturelle innslag i ca halvparten av denne opningstida, så er også dei friviljuge viktige. Positiv medverknad her har gjeve gjestene mange gode opplevingar i kyrkja, antan det er kulturskule-elevane eller profesjonelle musikarar t d vår eigen kantor som stiller opp.

Det same gjeld der forsongarar har styrka salmesongen og gjort musikkopplevinga større. Soknerådet er svært glad for all dugnadsoppslutnad !



Helgestunder:

Redaksjonen av kyrkjelydsbladet er no samansett av ein representant for kvart av dei fire sokna + prestane. Kyrkjeverja har ei redigeringsrolle før materiellet går til trykkeriet. Frå denne ordninga vart etablert og til no er det soknerådsleiaren som er i redaksjonen.

VIKTIGE HENDINGAR:

2023 har vore "normal-året" denne soknerådperioden, som det einaste året fritt for covid 19.

For soknerådet starta det brått, idet me allereie 2. januar hadde fyrste møtet for å uttale oss om **bispetilsettinga**. Interessant nok var rådet – uavhengig av kvarandre – samstemde om kven fyrstevalet burde vere, og slik vart det. Nye-bispen Ragnhild Jepsen var "vår" kandidat. Soknerådsleiaren var, saman med kollegar frå prostiet, så heldig å få delta på vigslinga av biskopen i Bergen seinare på året – ei stilfull, verdig markering, og ei historisk hending.



Personalmessige endringar på vårt eige kyrkjekontor har også vore merkbart, idet avgåande kyrkjevevjerje vart takka av, den nye har vorte presentert, og me har stifta nærare kjennskap med både trusopplærar og sekretæren på kontoret. Velkomne til dei nye medarbeidarane !



Påskevandringa med bilete og bibeltekstar vart monterte på Kyrkjebø frå palme- til pinsehelga. Fleire som vitjar kyrkjegarden har kome med positive tilbakemeldingar på denne.

Opa kyrkje vart arrangert for tredje år på rad i sommarmånadane juni og august.

Kyrkjebø kyrkje er då open i to timar ein onsdagskveld.

Du kan søkje ro og få ei musikals oppleving på kjøpet – om du ynskjer det.

Takk til kulturskulen sine flinke elevar, lærarane Beate Kjølstad og Sjord Tolsma !

Takk også til Erene og Finn, Keiko og Runar og Gerda for deira innslag dei andre dagane.

Ei lun atmosfære, der fin musikk og gode samtalar gjer ein kvardag til ei høgtidsstund.


Totalt 74 personar var innom desse kveldane, noko som er meir enn ei fordobling frå 2022.

Det største arrangementet dette året har vore på planen til soknerådet i lang tid, nemleg: **kunst- og kulturkvelden**, som vart avvikla i oktober. Madonnaen og annan kunst var temaet. I samarbeid med kulturnemnda kan soknerådet etter statuttane for gåve etter kyrkjelydshuset bruke midlar på kyrkja eller kulturtilskipingar i kyrkja. Det vart gjort i dette høvet.

Me var så heldig at ein kunstkjennar frå bygda; Rune Kyrkjebø, busett i Bergen, kom og førelas om Madonna`en (som pr no står på museum i Bergen) og annan kyrkjekunst herifrå.

Som del av tilskipinga var det og utstilt tekstilar, bilete, bøker og sylv/messing/tinn, som er gjevne til kyrkja i ulike høve, og som likevel gjerne er ukjende for mange som vitjar kyrkja. Kul-koret og Keiko Matsui-Li deltok med song og musikk. Takk til dei !

Gledeleg var det at så mange som 90 personar møtte fram, og at avgående sokneråd kunne notere seg dette innanfor sin arbeidsperiode, så vidt det var. Det fortente dei å få del i ! Mindre hyggeleg vart det at me straks før jul mottok dødsbodskapen om Rune Kyrkjebø.



Julekonsertane i kyrkja og bedehuskapellet er det andre som har ansvar for å gjennomføre. Takk til KUL-koret og Vadheim musikklag som står for desse tilskipingane til glede for alle.

Bedehuskapellet i Vadheim er eigd av ei eiga stifting, og er diverre lite nytta. Det har soleis vore messefall ved eit par høve sidan berre dei tilsette møter opp.



Kyrkjevalet 2023

Soknerådet valde seg sjølve til nominasjonsnemnd for kyrkjevalet hausten 2023. Ved søking etter listekandidatar la me vekt på at alle skulle vere spurde på førehand. Mykje arbeid bak nominasjonen gav resultat, og me hadde ei godkjend liste med ni kandidatar, så jamt fordelt mellom kjønn som råd, og med god aldersspreiing.

Etter sentrale føresegner skal det avviklast førehandsrøysting og tilretteleggjast for veljarar på t d institusjonar etter visse reglar. Digital røysting var ei aktuelt og brukarvenleg løysing.

Marknadsføring av valet vart gjort samla for kommunen (og frå nasjonalt nivå), og lokalt var det sendt ut påminningar pr sms, e-post og på sosiale media. Gledeligvis kunne me registrere at valdeltakinga i vårt sokn hadde auka frå sist, og til 20 % av dei (737) røysteføre. Mange friviljuge stilte opp som valfunksjonærar på valdagen.



Ei av dei innvalde ba etter valet om fritak frå vervet, og dette vart innvilga.

Me har likevel eit fulltallig sokneråd med vara, men diverre ingen representantar frå Vadheim. Soknerådet vil takke dei som gjekk ut av rådet etter valet for framifrå innsats i deira periode !

Sluttord:

Soknerådet vil avslutningsvis takke dei kyrkjeleg tilsette, dei friviljuge hjelparane våre, og ikkje minst: folket i kyrkjelyden for innsatsviljen og konstruktive tilbakemeldingar på dei samlingar me har hatt og fått gjennomført siste året.

Takk til alle som i 2023 har vore med å støtta kyrkja vår !

KYRKJEBØ, 15.02.2024

KYRKJEBØ SOKNERÅD